

SAK: KOMMUNEVÅPEN FOR BØMLØ

Litt om heraldikk og kommunevåpen:

Heraldikken (læra om våpen og flagg) slik ein i dag kjenner han, har sitt opphav i tidleg mellomalder, og hadde si blomstringstid i høg- og seinmiddelalderen. Grunnlaget er den tids kamp teknikk og -utstyr, som krov lett kjennelege merke for å skilja mellom ven og uven. Det er i dette ein må leita etter årsaka til at heraldiske kjenneteikn skal vera så enkle som råd er (meir om dette nedanfor).

Denne opphavelege oppgåva smelta nokså snart saman med kongane sitt behov for enkle kjenneteikn på mynt og segl (desse er sjølvsagt langt eldre enn den eigentlege heraldikken), og kongen sitt våpenmerke vart snart også nytta som merke på myntar og rikssegl.

Det norske riksvåpnet - løva - har tradisjon attende til ca. 1200, men sjølve symbolet går attende til Heilag Olav. Sjølve tradisjonen med at kongen sitt merke vart bore fremst i strid er likevel langt eldre, kven hugsar ikkje Per Sivle sitt kjende dikt om Tord Foleson, han "som merket hans Olav bar" og "fremst i striden med merket han gjekk" i slaget på Stiklestad?

Etter sitt utgangspunkt må eit heraldisk symbol ha ei så enkel og lett kjenneleg form som råd er. Derfor må fargane (eller rettare sagt "tinkturane") vera reine og klåre, utforminga må vera enkel og det skal i regelen berre vera eitt motiv. Dei eldste slektsvåpna var oftaast reine geometriske figurar, og med berre ein farge (raud, svart, grøn eller blå) og eitt metall (gull eller sølv). Etter kvart som tida gjekk, måtte motiva verta meir og meir kompliserte, elles fann ein ikkje motiv til nye våpen. Parallelt med dette utvikla det seg ein såkalla "levande heraldikk", dvs. motiv av dyr, planter og menneske (kongar med sverd, bispar med mitra, riddrarar i rustning osb.), samstundes som ein tok i bruk børger, skip, blankvåpen m.v. som heraldiske motiv. Dette nådde eit høye punkt i barokken, som førde til ein heraldisk stil så snirklete og innfløkt at han var mest uråd og finna ut av. Seinare - på 1800-talet - gjorde ein naturalistisk stil seg gjeldande, og ein fekk ei rad våpen med naturalistiske motiv. Haugesund sitt opphavelege byvåpen, med sildetønne, anker og eg veit ikkje kva, er eit godt, eller rettare sagt svært därleg, eksempel på dette.

I vårt hundreår har så pendelen svinga kraftig attende, slik at ein i dag er attende til den opphavelege, enkle og stilreine heraldiske stilien. Haugesund sitt nye byvåpen (frå 1930) er eit godt døme på denne svinginga. Motivet er i og for seg naturlastisk, men dei tre māsane er sterkt stiliserte og ein er attende til det opphavelege kravet om ein farge (blå) og eitt metall (sølv). Dette våpenet er elles rekna som eitt av dei finaste våpen frå mellomkrigstida.

Etter krigen er krava ytterlegare skjerpa, og svinginga frå naturalismen har gått fleire steg vidare. I dag er kravet til stiliserte motiv absolutt, og ein får ikkje utan i heilt spesielle tilfelle godkjent motiv som ikkje har historisk tradisjon. Som det vil gå fram nedanfor, har dette skapt særlege problem i arbeidet med kommunevåpen for Bømlo.

Eit kommunevåpen er sjølve symbolet på det kommunale sjølvstyret, og det var derfor naturleg nok berre byane som hadde slike. Kommunevåpen for heradskommunar høyrer dei siste tiåra til, det første vart godkjent så sent som 1952.

Kommunevåpen og -flagg skal godkjennast av Kongen (i motsetnad til såkalla "kommunemerke", som ikkje er godkjende, og rettsleg står i same stode som registrerte varemerke), og det er forbode for kommunar å flagga med andre flagg enn det norske og eit av Kongen godkjent kommuneflagg (lov av 29. juni 1933).

For godkjenning vert kravd streng heraldisk form og innhald, og motivet må ha historisk tradisjon. Som tidlegare nemnt er desse krava blitt strengare og strengare dei siste tiåra. Som døme på dette kan nemnast at av alle dei 18 framlegg til fylkesvåpen som ei nemnd la fram i 1930, er ingen godkjende i si opphavelege form. Eit par er godkjent med små endringar, og nokre få er godkjende med det opphavelege motivet, men i - til dels sterkt - endra form.

Kommunevåpen for Bømlo:

Det har i mange år vore drøfta i ymse samanhengar, å få til eit kommunevåpen for vår kommune, og ein har diskutert ymse måtar å koma fram til eit slikt. Mellom anna var det ei tid snakk om å skriva ut ein konkuranse om motiv til eit kommunevåpen, men på grunn av dei strenge krav det i dag vert sett, fann formannskapet dette lite føremålstenleg.

Resultatet av drøftingane vart at formannskapet i møte 02.03.76 gjorde vedtak om å be teiknaren Magnus Hardeland om å ta på seg å arbeida ut framlegg til kommunevåpen. Føresetnaden var eigentleg at teiknaren skulle laga fleire utkast, slik at kommunen kunne gjera eit val mellom desse. Av ymse grunnar har denne føresetnaden ikkje kunna oppfyllast.

Formannskapet sitt utgangspunkt var at ein i første rekke skulle satsa på Siggjo sor. motiv for kommunevåpenet. Som alternativ motiv vart i formannskapet peika på noko som har med sjø og/eller skip å gjera. Teiknaren vart gjort kjend med desse ønskjemåla i eit møte saman med formannskapet.

Diverre viste det seg at eit motiv med utgangspunkt i Siggjo ikkje kunne utformast i samsvar med dei strenge heraldiske reglane. Ei geometrisk form (trekant) som Siggjo som "modell" var diverre opprett, og måtte såleis droppast.

Etter fleire forgjeves forsøk meldte så teiknaren at han måtte gå frå Siggjo som motiv, og han fall då ned på neste ønskje - noko med tilknyting til sjøen. Heller ikkje dette var lett, men han kom etter ei tid fram til eit heraldisk motiv som heiter SJØBLAD, og dette har han så i samarbeid med Riksarkivet (departementet sin konsulent når det gjeld slike saker) utforma med tanke på eit kommunevåpen for Bømlo.

- ./. Eg legg ved avtrykk av teiknaren sitt utkast, både som våpen og som flagg. Diverre kan ein i trykken ikkje gje att fargane, men det som er skravert skal vera raudt og det som er kvitt skal vera sølv.

Personleg finn eg motivet både vakkert og harmonisk, i det eg tenkjer meg at den treblada figuren i midten skal symbolisera dei tre tidlegare kommunane og at hjarteforma i midten står for samhald og/eller kjærleik til heimbýgda.

Eg strekar elles under at dette er lekemannstankar, som ikkje må takast for noko anna.

Utfonna som våpen (skjoldform) kjem motivet best til sin rett, og gjev eit harmonisk inntrykk. Også som bordflagg vil det kunna utfornast i ei vakker form. Derimot likar eg ikkje heilt utforminga som vanleg flagg, her kan det raude koma til å verka for dominande, slik at sjølve motivet kan koma til å forsvinna, i alle fall på litt avstand.

Etter å ha drøfta saka uformelt i formannskapet, tok eg spørsmålet om flaggform opp med Riksarkivet i brev av 18.10.79. Eg spurde då om det ville vera mogleg å endra noko på flagget, t.d. ved eit kvitt felt på kvar side av det raude. I brev av 25.10.79 skriv så Riksarkivet følgjande til kommunen:

Dei tilsende utkasta til kommunevåpen og -flagg for Bømlo kommune. signerte Magnus Hardeland, er heraldisk korrekte, og Riksarkivet vil kunna ráda til at dei vert godkjende med kongeleg resolusjon.

Fraaleggjet om å utvida våpenet med to kvite stolpar - eit kvitt felt på kvar side av sjøbladet - er heraldisk uakseptabelt og vil hindra godkjenning. Riksarkivet må difor på det sterkeste ráda frå denne tanken.

Kommuneflagget skal vera i samsvar med kommunevåpenet utan tillegg eller brisyrar.

Etter dette har eg lagd denne tanken til sides.

Til slutt nokre ord om det motivet teiknaren har funne. Sjøbladet er eit svært gavnalt - ein kan truleg våga å nyttja uttrykket "klassisk"-motiv innan heraldikken. Det har vore mest nyttø i Danmark - der ein hadde adelsnamnet Seeblatt direkte avleia av dette - men det er eit internordisk heraldisk symbol. Utformingen har ymsa noko opp gjennom åra, det har m.a. vore utforma som ei lilje, men slik Magnus Hardeland no har utforma det, er det så nær opp til den klassiske grunnforma som det er mogeleg å koma.

Gangen i vedtaks- og godkjenningsprosedyren for eit kommunevåpen er slik:

1. Kommunevåpen- og flagg skal vedtakast av kommunestyret.
2. Kommunestyret sitt vedtak skal sendast Kommunal- og arbeidsdepartementet gjennom fylkesmannen, vedlagd teiknaren sine utkast.
3. Departementet legg saka fram for Riksarkivet til fråsegn.
4. Dersom alt er i orden, skjer endeleg godkjenning av Kongen i statsråd.

Etter at kommunevåpenet er godkjent, må teiknaren få i oppdrag å forma ut ulike utgåver av det, m.a. må ein ha ei utgåve i fargar og ei i svart-kvitt til bruk på brevpapir o.l.

I samsvar med det som er sagt framanfor, vil eg gjera framlegg om at formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt

v e d t a k :

I det teiknaren Magnus Hardeland sitt framlegg vert godkjent, vert fastsett at

1. Bømlo kommune sitt våpen skal vera eit sølv sjøblad på raud botn.
2. Bømlo kommune sitt flagg skal vera eit kvitt sjøblad på raud botn.

Peder Stavland